

Referat frå nettverkssamling 8 - 2018!

I år var samlinga lagt til Valderøya barneskule og fisketur med og Havung med Arne Tunheim

Tema på denne samling var:

- Fisketur med Havung
- Fiske
- Sløying av fisk
- Besøk på fiskeforedlingsfabrikk
- Mat ute
- Moglegheiter i nærområdet til Valderøy barneskule

Faste rettleiarar:

Dag Erik Wold – Høgskulen i Volda
Christer Lundberg Nes - Friluftsrådet

Nettverkssamlingane har over fleire år nytta oppskrifter frå Fiskesprell og hatt sjømat på menyen. I nettverkssamlinga i 2017 vitja vi Fiskerimuseet i Ålesund med opplæring i historisk fiske gjennom den nybygde historiske båten Storeggen. I år var vi med båten Havung og fekk tips om «Det flytande klasserommet» og Arne Tunheim.

Det flytande klasserommet er eit tilbod til 6.klassingar i distriktet om å vere med ut på fisketur og dra garn og lære om fiskeri.

Måndag 14.mai – Fisketur med Havung kl 0900-1400

Vi var med båten Havung ut og drog to garn. Det var mykje fisk i det eine garnet og eit par fiskar i det andre. Arne fortalde om opplegget for 6.klasse og om fiskeri generelt.

Alle fekk ta del i å ta ut fisken av garna, og sløye og filetere fiskane. Fiskefileane nytta vi dagen etterpå i 4 ulike hovudrettar. Etter fisketuren var vi innom ei fiskeforedlingsbedrift og fekk flott omvisning og mykje god informasjon om internasjonal handel og fiskeindustri.





Tysdag 15.mai – Valderøy barneskule

Vi starta dagen med omvising på uteområdet ved Valderøy barneskule.

Etterpå vart gruppa delt i 4 kokelag som alle fekk forskjellige fiskeoppskrifter som dei skulle lage.

Det var utruleg god mat som vart servert! Og alle fekk smake med alle gruppene. Oppskriftene ligg som eige vedlegg.

Etter oppvask var det tur til Eirskogen. Eit skogsområde med Gapahuk like i nærleiken til skuleområdet. I grupper gjekk lærarane gjennom området og hadde idémyldring på natur ressursar og tips til eventuell tilrettelegging. Samt fag og internkontroll/tryggleik.

Tusen takk til Arne Tunheim og Valderøya barneskule ved einingsleiar Terje Austnes som vertsskap!



Måndag 14: 15 deltakarar frå 9 skular

Tysdag 15.mai: 18 deltakarar frå 10 skular